

Kontaktblad for  
Nr.48 Juni 2017

# HJARTDAL HISTORIELAG

Bli med til Uvås  
laurdag 17.juni!

Sjå skulefjernsyn  
om Hjartdal - 1967

Flyfoto frå  
hjartdalsbygdene  
-1964



Gustav Tørrisen Brattli, 1890

# Landkommunen Hjartdal – skulefjernsyn 1967

Arkivet til NRK TV er eit utømleig arkiv over moderne norsk historie og kultur.

Alle kan i dag på [tv.nrk.no](http://tv.nrk.no) søke seg fram til store delar av det som er produsert av kanalen gjennom tidene.

Vi vil her gjere særleg merksam på eit program som blei sendt i skulefjernsyn 26.september 1967. I ein serie på tre program under tittelen kommunalkunnskap, blei landkommunen Hjartdal sammanlikna med ein typisk bykommune – Tønsberg.

Her kjem fleire kjende personar i kommunen til orde, og bygdene blir presentert i si tids stil. Framstillingsmåten er nok i dag sterkt angrepen av "tidens tann". Og så kan vi minne om at det var eit høgdepunkt i kvardagen for skuleelevar den gong å få sjå fjernsyn som dette i skuletida – om ein i det heile reint teknisk hadde høve til det.

Ein finn programmet ved å gå inn på [tv.nrk.no](http://tv.nrk.no) og søke *landkommunen*, eller ein kan skrive inn heile adressa:

[tv.nrk.no/serie/kommunalkunnskap/FSKO00005667/26-09-1967](http://tv.nrk.no/serie/kommunalkunnskap/FSKO00005667/26-09-1967)



Møte i jordstyret,  
15 år gammalt kommunehus



Heradsagronom Bøland på befaring  
Ordførar Søren Bekkhus



# Midgard historiske senter i Borre i Vestfold

40 personar frå historielaget var på tur 27.mai. I den vakre Borreparken og Midgard historiske senter blei vi møtt med kaffi og rundstykke av ein entusiastisk guide. Ho fortalte om utstillingane og storhaugane i parken som er Nord-Europas største samling i sitt slag frå merovinger- og vikingtid.

I perioden 600-900 e.Kr. blei det bygd ni storhaugar i Borre. I tillegg er det tre store røyser og om lag 30 mindre gravhaugar her. Det er også funne avtrykk frå to store hallar og eit hamneanlegg. Før trudde ein Ynglingaætta vi høyrer om i Snorre var gravlagt i haugane, men nyare forsking peikar mot folk frå ulike slekter.

Ein av haugane er grave ut og det er praktfunn herifrå vi fekk sjå i dei faste utstillingane i Midtgard. I tillegg var vi så heldige å få med oss ein av dei siste dagane av utstillinga *Vikingliv – frå håndverker til hersker*, og som tok for seg vikingtidas handverk

og korleis dei verdifulle statussymbola til eliten blei til.

Etterpå tok vi plass i Gildehallen. Hallen er ein rekonstruksjon av ein av vikingtidas store festsalar, slik arkeologane meiner ein slik hall kan ha sett ut. Han har takspor på taket og portalen har vakre utvendige utskjæringer.

Gildehallane hadde berre eit rom og blei bruka til seremoniar og festlege lag, bryllup og gravferder. Berestolpane, stavane, var vakkert utskorne og fortalte historiar frå førkristen tid.

Portalen og nokre av stavane var fargelagt. Vikingane var glad i sterke og livlege farver.

Etter ertesuppe og kaker gjekk turen heim til den praktfulle bustaden til Anne Nordheim i Borre. Anne, som vokste opp i Mosebø i Sauland, sto klar med lefser og kaker og fekk mange gamle kjente å helse på. Tusen takk til familien Nordheim!



# Ein bildeskatt frå nær fortid

Mange som er litt opp i åra vil hugse kor oppsikt det kunne vekke når lågtflygande fly dukka opp på himmelen. Dette kunne vere Widerøes fotgrafar som var på vengene for å ta bilde av hus og eigedomar i bygdene. Nokre veker seinare kom det så ein agent (selgar) på dørene med eksempel på fotografi som ein kunne bestille i stort format til å henge på veggen.

At desse bilda etter nokre år kunne falme til eit heller trist minne har vel også mange erfaring med. Men da er det hyggeleg å kunne minne om at negativene har ligge vellagra hos Hjartdal kommune sidan bilda blei tatt i 1964. Historielaget har skanna dei, og sjølv om kvaliteten kan variere, vil dei i alle fall ikkje falme heretter.

I seinare tid har Widerøe (eller etterfølgarar) arbeidd med å leite opp slike negativ. Av ein eller annan grunn har dei ikkje hatt arkiv over dette. Men historielaget kunne, da vi blei kontakta om saken, vise til at negativa var i trygge hender. Og nå er bilda tilgjengelege som del av eit landsomfattande såkalla skråfotoarkiv på Nasjonalbiblioteket sine nettsider.

Bilda omfattar store delar av bygdene, men ikkje 100%. Mellom anna finn vi ikkje bilde frå Reisjå- og Bondalgrendene. Blei flyturen dit for lang?!

<http://www.nb.no/nbdigital/wideroe>



Døme på Widerøes flyfoto: Gamleskulen i Gvammen og garden Dalen nedanfor.

## Brit Ingjerd Hjartsjø (1941-2017)

Mangeårig styremedlem i Hjartdal historielag, Brit Ingjerd Hjartsjø (f.Haugen) døydde 4.mai.

Ho kom til Sauland som lærar ved Landsverk skule 19 år gammal. Etter lærarutdanning heldt ho fram med lærargjerninga i over 40 år. Ho var innom alle hjartdalsbygdene – mesteparten av tida på Hjartdal skule.

Ho var elles aktiv innan mykje frivillig arbeid i bygdene og var ein ressursperson som mange visste å sette pris på.



## Sauland IL 150 år!

Sauland idrettslag er eit av dei eldste idrettslagene i landet og feirar 150-årsjubileum i år.

I samband med jubileet samlar historielaget og idrettslaget inn historisk stoff for å få oppgradert idrettslagets arkiv og for ei seinare publisering av 150 år med idrettsarbeid i Sauland.

Vi vil gjerne komme i kontakt med alle som veit om bilde, avisutklipp, møtereferat og andre idrettshistoriske dokument.

Både nyare og eldre stoff er interessant!



Ta kontakt med

*Hjartdal historielag v/Svein Bakkalia tlf 97 53 54 68 eller  
Sauland idrettslag v/ Signe Mosebø tlf 97 59 64 66*

# Sauland i nasjonal malerkunst

Hans Gude som malte *Brudeferden i Hardanger* i samarbeid med Adolf Tidemand, står også bak dette maleriet som har tittelen *Omnesfossen 1859*.

Bildet har vært et mysterium for oss historieinteresserte i mange år, men vi har tatt sjansen på å bruke det både i *Hjartdalsoga*, *hjartdal-skalender* og ellers – selv om vi ikke kjenner oss helt igjen i landskapet. Heller ikke var Gude i Telemark i 1859, men noen år tidligere. I andre sammenhenger har vi sett at bildet skal være fra Rukkefossen i Nes i Hallingdal der kunstneren bodde en periode, men i følge Gude-spesialisten mag.art. Frode Haverkamp ved

Nasjonalgalleriet skal motivet ikke ligne på den fossen.

Forklaringen er trolig at Gude har tegna skisser både her og der på reisene sine, for seinere å lage ferdig et vakkert bilde i atelieret sitt i Düsseldorf i Tyskland. At han har med elementer fra Omnesfossen er i alle fall tydelig. Faktisk kan bildet ligne minst like mye på Omnesfossen om vi speilvender det – det lille bildet.

Et annet interessant eksempel på hvordan en kjent kunstner har brukt elementer fra saulandsnaturen er Frits Thaulows maleri *Skyssstasjon* fra 1890. For en ti års tid siden blei vi tipsa om dette bildet av utflytta saulending Svein Harald Kleivane. Hans søster Ingeborg hadde oppdagat et julekort fra *Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (LHL)* med dette





bildet som motiv. Og nå viser det seg at maleriet har blitt enda mer kjent, for LHL har brukt det i årets kalender, til og med som forside.

Det kan ikke være tvil om at det er Diplemyrnatten og Himgang vi ser i bakgrunnen her. Vi skimter også husmannsplasser i lia opp mot det området som blei kalla Ødemark. Garden i forgrunnen er derimot ikke

noen av Skoje-gardene, selv om det er der Thaulow må ha stått og malt eller lagd skisser til bakgrunnen. De to bura kan forresten minne om bura på Ned-Omnes, en nabogard til Skoje.

Vi veit at kunstneren oppholdt seg i Seljord januar-februar 1890, og at han også må ha besøkt nabobygder, er bevist her.



Hans Gude (ukjent fotograf)  
til venstre og Frits Thaulow  
(fotografert av Wilse) til  
høyre.

Bilder fra Wikipedia.  
(Public Domain)



# Kontaktblad til alle husstander

*Bli medlem av Hjartdal historielag!*

Dette bladet sender vi ut til alle husstandar i hjartdalsbygdene. Tanken er sjølvsagt at vi ynskjer å auke medlemstalet. Med bladet følger bankgiro for innbetaling av medlemskontingent for 2017.

Nye og gamle medlemmer får årboka for 2017 gratis. Dette er eit svært godt tilbod som du gjerne må gjere kjent for andre i og utanfor bygdene. Nye medlemmer får i tillegg årboka for 2016, eller ei annan av dei eldre bøkene gratis ved innmelding - så langt lageret rekk.

Det er ingen plikter ved medlemskapen, derimot får ein tilbod om å delta på lagets arrangement, turar mv.

Ver nøyne med å skrive namnet ditt på giroen om du betaler i banken, eller i feltet for melding til mottakar dersom du brukar nettbank, elles veit vi ikkje kven som har betalt.

Spørsmål om innmelding kan elles rettast til

Svein Bakkalia, 97535468 – eller Torkild H. Mosebø, 48005340.

## Tur til Uvås

Laurdag 17.juni inviterer vi på tur til Uvås. Denne fjellgarden ligg ca 4 km fra Hjartsjøgrenda, opp mot Mælefjell. Garden har ei rik historie både med tussar og hvalfangst-gründerar. Dagens eigar er Hans Jon Hjartsjø som sjølvsagt blir med og kan fortelje. Toralf Sletta kjem med trekkelet sitt, og vi serverer kaffi og lapskaus. Oppmøte kl.12:00. Atterhald om vær. Det er bra med parkeringsplass på Uvås, men vi ser helst at fleire kjører saman. Der er lurt å ta med ein stol. Sjå elles annonse i *Telen*.

Tunet på Uvås ca.2000.  
Stabburet fra 1808 er bygd  
av Halvor Høgkaslin som  
også bygde kyrkja i Hjartdal.  
Den tømra delen av låven til  
venstre er frå 1737. I bak-  
grunnen skimtar vi Mælefjell.

Foto: Hans Jon Hjartsjø



# Referat frå årsmøte i Hjartdal historielag

onsdag 8.mars 2017



*Ein del av dei 35 deltakarane ved årsmøtet hyggar seg med kaffi.*

Møtet vart halde på Løvheim i Sauland. 35 medlemmer møtte.

## Sak 1: Åpning.

Svein Bakkalia åpna møtet og ønska alle velkommen.

## Sak 2: Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkallinga vart einstemmig godkjend.

Sakslista vart einstemmig godkjend.

## Sak 3: Val av møteleiar og referent.

Svein Bakkalia vart einstemmig vald som møteleiar.

Torgunn Opsal vart einstemmig vald som referent.

## Sak 4: Årsmeldinga for 2016.

Torgunn Opsal las opp styret si årsmelding.

Svein Bakkalia kom med to tilføyinger under punktet Andre saker:

- *Sosiale medier:*

*Hjartdal historielag har, sidan som-*

*maren hatt eiga side på facebook, med m.a. bilde og meldingar om arrangement.*

*- Styret vedtok på styremøte 2.mars å løyve 2500 kr til 2.utg. av Svein Vetle Traes bok Lamplight.*

Med desse tilføyingane vart årsmel dinga einstemmig godkjend.

## Sak 5: Rekneskap 2016.

Torkild H. Mosebø la fram revidera rekneskap for 2016. Det vart einstemmig godkjend.

## Sak 6: Budsjett for 2017.

Torkild H. Mosebø la fram styret sitt forslag til budsjett for 2017. Det vart einstemmig godkjend.

## Sak 7: Forslag til endring av vedtekter.

Svein Bakkalia orientera årsmøtet om saka og kom med styrets forslag til endringar av vedtektena. Forslaget vart einstemmig godkjend.

### **Sak 8: Val.**

Svein Erik Sletta la fram valgkomiteen sine forslag.

Leiar: Svein Bakkalia. Einstemming vald.

Styremedlem: Torgunn Opsal. Einstemming vald.

Styremedlem: Torkjell Tjønn. Einstemming vald.

Varamedlem: Torkild H. Mosebø. Einstemming vald.

Ivar T. Dahl og Tone Anne Hytta trekker seg som medlemmer i valkomiteen.

Nye medlemmer i valkomiteen:

Tone Stuverud. Einstemming vald.

Kari Skoland. Einstemming vald.

Ingebjørg Frøland Hagen har sagt ja til å halde fram som revisor eit år til.

Styret sender over blomster til Ivar T. Dahl, Anne Tone Hytta og Ingebjørg

Frøland Hagen som takk for innsatsen for historielaget.

Årsmøtet vart avslutta, og etterpå vart det servera smørbrød, kaker og kaffi.

Etter det kom Anne Haugen Wagn og Guro Nordby. Dei har saman skrivi bok om Anne Bamle og hennar arbeid med Aust-Telemarksbunaden. Vi fekk høre om livet til ein særmerkt kunstnar som vigde livet sitt til saumen og bunaden. Det vart også lagt fram interessante bilete som synte utviklinga i arbeidet hennar. Det vart ei fin og lærerik stund for oss som var tilstades.

*Hjartdal 08.03.2017  
Torgunn Opsal (ref.)*



*Guro Nordby (bak) og Anne Haugen Wagn gav oss eit grundig innblikk i Anne Bamles liv og virke som bunadsskapar i Aust-Telemark.*

# Vedtekter for Hjartdal historielag

vedtatt på årsmøtet 2017

## §1 - Føremål

Hjartdal historielag skal ha til føremål å vække, auke og spreie interessa for fortida til bygdene Hjartdal, Sauland og Tuddal.

Laget skal legge vekt på at bygdehistoria blir sett i samanheng med annan historie og med dei samfunnstilhøva vi har i dag. Laget skal ta vare på lokalhistorisk kunnskap og materiale og arbeide for vern av kulturminne.

## §2 - Medlemskap

Enkeltpersonar, ektefeller eller sambuarar og organisasjonar, kan løyse medlemskap i Hjartdal historielag.

Ektefeller eller sambuarar har begge stemmerett. Organisasjonar vel ein representant med stemmerett.

Alle har fulle medlemsrettar når medlemskontingent er betalt innan fristen.

## §2 - Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast kvart år før 1.april og innkallast seinast 14 dagar før.

Forslag skal vere hos styret seinast 1 veke før årsmøtet.

Årsmøtet skal godkjenne styrets årsmelding og årsrekneskap, og velge styre med leiar og styremedlemmer.

Årsmøtet skal også velge varamedlemmer og valgkomite og utnemne ein revisor utanom styret.

Alle bør velgast for 2 år om gongen.

Omlag halvparten av styret og omlag halvparten av valgkomiteen skal vere på valg på same tid.

Medlemskontingenenten skal fastsettast av årsmøtet.

## §3 - Styret

Styret bør ha representantar frå ulike delar av kommunen, ulike aldersgrupper og begge kjønn.

Styret konstituerer seg på fyrste styremøte etter årsmøtet.

Styret skal ha 6 medlemmer og 2 vara-medlemmer.

Minst 4 styremedlemmer må vere til stades for at vedtak kan bli fatta. Leiaren har dobbelstemme ved likt stemmetal.

## §4 - Styrets oppgaver

Styret har ansvar for god aktivitet i laget, skal innkalle til møte og halde medlemmene informert om arbeidet sitt.

Styret skal dokumentere aktiviteten i laget, føre protokoll frå styremøta, arkivere viktige styrepapir, føre årsrekneskap og krevje inn medlemskontingenten.

## §5 - Andre organisasjoner

Laget skal vere medlem av Landslaget for lokalhistorie, og der det er naturleg, samordne arbeidet sitt med Telemark historielag og andre lokale historielag.

## § 6 - Vedtektsendring

Skal vedtekten endrast, må dette vedtakast på årsmøte med 2/3 fleirtal.

Forslag til endringar må sendast via styret og gjerast kjent for medlemmene seinast 14 dagar før årsmøtet.

## § 7 - Opplysing

Skal laget opplysst, må dette vedtakast på årsmøte med 2/3 fleirtal.

Forslag om opplysing må sendast via styret og gjerast kjent for medlemmene seinast 1 månad før årsmøtet.

Vedtaket må stadfestast av eit ekstraordinært årsmøte og gjerast kjent for medlemmene seinast 1 månad før. Vedtaket må på nytt fattast med 2/3 fleirtal og vere einaste sak på møtet.

Ved opplysing skal Hjartdal kommune overta det som laget eig, og disponere dette etter rådføring med Norsk Industriarbeidermuseum og Landslaget for lokalhistorie.

# Kontingent 2017

Saman med dette bladet sender vi ut bankgiro for kontingensten 2017.

Medlemskontingensten er 300 kroner. Stor aktivitet i laget fører til auka utgifter, men vi vil halde fram med rimelege arrangement og gratis årbok for medlemmene.

Sidan det er medlemskontingensten som betaler mykje av årboka, ser vi gjerne at de hjelper til med å verve nye medlemmer. Tenk særleg på familielie og kjenningar utanbygds!

## Eit stort jubileumsår

2017 er eit år med fleire jubileum, og ved alle jubileum vil eit historielag kunne bidra med tilbakeblikk og kunnskap.

I år er Sauland idrettslag, eit av dei eldste i landet, 150 år. Dette blir mellom anna markert med ein stor fest laurdag 26.august. Historielaget håper også på sikt å gje ut skriftleg historie om idrettslaget.


Hjartdal musikkorps har i vår gjennomført sitt 50-årsjubileum ved jubileums-konsertar med korps og gjester i alle tre bygdene. Her blei historien gitt stor plass ved hjelp av veteranane Bendik Skeie og Leif Skoje.

Sauland menighetshus er 80 år. Dette lokalet har vore nytta av mange lag og foreningars gjennom åra. Også historielaget har nytta seg av huset som nå er pussa opp til eit svært lyst og triveleg lokale. Og utbygging er planlagt.

## Facebook og datahjelp

Som ein ser av årsmøtereferatet har Hjartdal historielag oppretta ei facebookside: [facebook.com/hjartdalhistorielag](https://facebook.com/hjartdalhistorielag). Her kan du finne bilde og arrangementsmeldingar. Vi ser også gjerne at folk kjem med innspel her.

Ofte viser vi til interessant stoff på internett. Vi veit sjølvsagt at ikkje alle er i stand til å finne ut av dette, derfor må ein ikkje vere redd for å spørje vener og kjende om hjelp. Historielaget kan også ordne med framsyningar på dei åpne onsdagskveldane (hugs på dei!). Ein kan også kontakte frivillighetsentralane om hjelp til dette.



## HJARTDAL HISTORIELAG

Leiar: Svein Bakkalia, Sjotmovegen 24, 3692 Sauland  
Tlf.: 97535468 svein.bakkalia@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje  
Tlf.: 48237883 skoje@online.no  
<http://www.hjartdalhistorielag.no>  
Hjartdalbanken 2699 07 04332

Bladet blir sendt alle medlemmer  
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde  
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet